

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Mandat for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval			
	Dokumenttype: Mandat	Godkjend av: Fylkestinget	Gjeld frå: 11.12.2013	Tal sider: 2
	Utarbeidd av: Organisasjons- avdelinga	Godkjend dato: 11.12.2013	Revidert dato:	Arkivsak:2014/559-3

Ungdommens fylkesting er oppretta etter vedtak i Hordaland fylkesting.

1. Samansetjing og funksjonstid

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, beståande av to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

Ungdommens fylkesting vert heldt ein gong i året og der vert Ungdommens fylkesutval vald med leiar, nestleiar, medlemmer og varamedlemmer. Samtidig vert handlingsprogrammet og budsjett vedteken og rekneskapet godkjent.

Ungdommens fylkesting er eit fast utval i Hordaland fylkeskommune og deira rettigheter og pliktar vert regulert av delegasjonsreglementet.

2. Saksområde/ oppgåver

Ungdommens fylkesting sitt saksområde er å:

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

Protokoll frå Ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juni. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- legge fram saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for Ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast.
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auke kompetansen til Ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- vedta vedtektene til Ungdommens fylkesting.
- nemne ein politisk kontaktperson til Ungdommens fylkesting.

3. Ungdommens Fylkesutval

Leiar, nestleiar og 5 medlemmer med 5 varamedlemmer blir vald mellom medlemene av Ungdommens fylkesting.

Ungdommens fylkesutval er Ungdommens fylkesting sitt arbeidande organ og skal følge opp vedtak gjort i Ungdommens fylkesting.

4. Sakshandsaming

Saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse skal leggjast fram for Ungdommens fylkesutval i god tid før dei skal avgjerast. Utvalet skal ha høve til å gi fråsegn i sakene. Andre saker som er nemnt under pkt. 2 skal leggjast fram for utvalet.

Utvalet må gjere sitt til at fråsegner vert gitt i tide slik at framdrifta i sakene ikkje vert unødig forseinka.

Utvalet og administrasjonen kan avtale nærmare rutinar for saksgang og samhandling.

Det skal førast møtebok frå møte i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Reglementet for sakshandsaming gjeld elles så langt det passar.

5. Sekretariat

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

6. Reglement

Reglementet er journalført i ephorte med arkivnummer 2014/559-2.